

Tildeling av tilskot februar 2023

Hennøy Vindforening har gjennomført første tildelingsrunde av tilgjengelege vindfondmidlar. Styret er glad for å sjå at utlysinga resulterte i søknader om mange gode tiltak. Totalt vart det søkt om prosjektmidlar for 264.500 kroner. Styret har vedteke tildeling av 177.600 kroner til kvalifiserte prosjekt.

Styret sin vurderingsprosess

Styret var fulltaleg i vurderingsmøtet. Først gjekk ein gjennom søknadane og såg om dei stetta formalkrava i utlysinga om kven som kan søkje. Dei søknadane som gjekk vidare vart vurdert etter kriteria: a) allmenntytte, b) prosjektkvalitet og c) gjennomføring. Styret si innstilling var einstemmig.

Desse fekk midlar i tildelinga

Søkerorganisasjon og kontaktperson	Formål	Tildelt
Svelgen Samfunnshus, v. Didriksen	Renovere garderobe	kr 42 000
Svelgen Skulemusikk, v. Kjøsnes	Uniformar og rekruttering	kr 20 000
Troda 4H, v. Nesheim	Friluftsdag med lokalhistorie og naturlæring	kr 8 000
Hennøystranda bygdelag, v. Hennøy	Ope småbygg kai for ly for gjestar og bagasje	kr 16 000
Hennøystranda bygdelag, v. Hennøy	Reparasjon skulebygget for kulturhistorieformidling	kr 20 000
Gulen Skyttarlag, v. Hallset	Opplæringsprosjekt born	kr 35 600
Svelgen turn og idrett, v. Bjørkedal	Deltaking NM	kr 28 000
ECCO Svelgen, v. Løver	Bakeverkstad og kunstdag for born i vinterferien	kr 8 000
Sum tildelingar i denne runda		kr 177 600

Habilitet

Styremedlemmer som var inhabile for behandlinga av enkelte søknader tok ikkje del i handsaming av desse. Styremedlem Grete Førde Hennøy melde seg inhabil i handsaming og vurdering av søknader frå Hennøystranda Bygdelag. Styremedlem Veronika Ommedal melde seg inhabil i handsaming av søknad frå Mestringsgården Klatrepark.

Oppsummering

Styret er fornøgd med å ha få handsama mange søknader om midlar til formål som har god allmenntytte, nytte for born og unge i området, og som skaper aktivitet med ringverknader. Hennøy Vindforening ønskjer dei som har fått tildelt midlar lukke til med prosjekta.

Svelgen, 18.02.2023

For styret i Hennøy Vindforening

Frank Ommedal